

## Nasjonen og det moralske medborgarskapet

FRODE ULVUND

«But what *are* nations», spurde redaktøren av *The Economist*, Walter Bagehot (1826–1877), i essayet «On Nation-making» i 1872. Han fortsette undringa: «What are these groups which are so familiar to us, and yet, if we stop to think, so strange?» (Bagehot 1872, 54). Bagehot la vekt på kor gåtefullt nasjonsomgrepet var, og sjølv om «we know what it is when you do not ask us», var poenget hans at det vanskeleg let seg definere enkelt når me blir utfordra til det (Bagehot 1872, 14).

Eit tidleg døme på noko av det same gav Jacob Nicolay Wilse (1736–1801) i 1797. Den dansk-fødde opplysningspresten i Eidsberg ville vekke den «Norske Nation» frå sin «Døsigheid». Han la til grunn ei organisk nasjonsforståing og konkluderte raskt med at naturen sjølv hadde konstituert det norske folket til ein nasjon, og at statsform ikkje var i stand til å endre på det, sjølv etter fleire hundre års politisk samkvem med Danmark. Men samtidig var han merksam på at det nasjonale ikkje var gitt eller einskapleg. Skilnadene var ikkje berre mellom Danmark og Norge, men desse nasjonane var «i sig selv saa forskjellige, som de vare Stykker hver af sin Planet.» (Witse 1797, 6f). Som døme viste han mellom anna til at folk i Østfold ikkje hadde den same «Driftighed og Vindskibelighed» som folk på Hedemarken. Ulike kvalitetar prega nordmennene i ulike delar av landet, sjølv om dei alle vart forstått som norske.

For Witse var mellomalderens stordomstid ein normativ målestokk som nasjonen i hans eiga samtid vart vurdert opp mot. «Mod, Virksomhed og Fasthed, og med et Ord, Ild i Sjælen», var ifølgje Witse eigenskapar ved «hine Nordmænd». Spørsmålet var derfor ikkje avstamming, men derimot kvalitetar i samtida (som han omtalte som «public Spirit»): «Ere vi en virksom og selvstændig Nation?

Have vi Karakter? Have vi Ære?» (Wilse 1797, 9). Sjølv om han slik gav uttrykk for at den nasjonale karakteren var problematisk å definere positivt, var han ikkje i tvil om at moralske kvalitetar var sentralt i forståinga av den.

Det nittande hundreåret kan karakteriserast ved framveksten av nye sterke gruppeidentitetar, forankra i kollektiv som la til grunn prinsipielle idear om at rettar og plikter var felles for alle individ innan borgarsamfunnet – i kontrast til det gamle korporative privilegiesamfunnet. Nasjonale fellesskap erstatta *L'Ancien Régime* sine strukturar, og nasjonalstaten danna sentrale rammer på dei politiske, kulturelle og økonomiske områda. Eg skal i dette kapitlet diskutere korleis eit *moralsk medborgarskap* konstituerte eit viktig kriterium for inkludering i dette nye nasjonale fellesskapet.

Det kan skiljast mellom ei juridisk-politisk forståing av (stats)borgarskap og eit moralsk medborgarskap i nasjonen. Ei juridisk-politisk forståing tildeler borgarskap etter visse meir eller mindre objektive kriterium (som fødsel, opphav eller opphaldstid i staten), etter kvart konkretisert i statsborgarlover. Eit moralsk medborgarskap legg vekt på normative aspekt der det å vere ein «god borgar» er eit heilt sentralt krav for å kunne inkluderas i nasjonen (sjå også Schenkel 2010). Dermed vart det ikkje berre nødvendig å diskutere kva ein borgar av nasjonen var, men også kva det ville seie å vere ein *god* borgar. Slike moralske komponentar kunne også bli del av juridiske kriterium for statsborgarskap i fleire statar, eksempelvis i form av krav om å sverje eid til konstitusjonen.

Nettopp fordi det er problematisk og krevjande å definere ein nasjonal identitet positivt, slik både Wilse og Bagehot konstaterte, er negasjonen ein sentral identitetsmarkør. Føresetnaden for å skape ein identitet, og i denne samanhengen nasjonalitet, er skilnader. Desse skilnadene blir synleggjort i grenselandet mellom dei som er innafor og dei som fell utanfor. Denne forståinga av at kollektive identitetar ikkje så mykje handlar om kva som positivt karakteriserer gruppa, men om grensedraginga mellom grupper, vart først diskutert og framheva av den norske sosialantropologen Fredrik Barth for over 50 år sidan (Barth 1969). For Barth var symbol (abstraksjonar som gav mening for gruppa) instrumentelt viktige for både skapinga og vedlikehaldet av slike grenser. Gruppa si kvalitative sjølvforståing – grenseoppgangen – føreset ein negasjon og kvalitativ motpol.

Barth var først og fremst oppteken av etniske identitetar, men konseptet hans har også blitt brukt på nasjonsnivå. Eit døme er den amerikanske statsvitaren John Armstrong. Med referanse til Barth understreka han betydninga av eksklusjon og samanlikning med framande som eit sentralt element i nasjonal gruppeidentitet, og i å definere sjølve nasjonen (Armstrong 1982, 5). Seinare har også sosiologen Stuart Hall og historikaren Chris Lorenz på same vis vektlagt

negasjonens rolle i identitetsskapingprosessar. Dei inkluderte blir definert i relasjon til dei ekskluderte, argumenterer begge desse, og representasjonen av andre identifiserer «a difference that makes difference», som Lorenz skriv, eller forskjellen er nødvendig for i det heile å skape mening, som Hall har poengtert (Hall 1997, 225, 234–238; Lorenz 2008, 31). Inkludering i eit kollektiv, som i ein nasjon, krev samtidig ein eksklusjon av andre (Lorenz 2008, 25).

Det nasjonale og moralsk gode framstår i kontrast til det unasjonale og moralsk forkvakla. Eit hovudelement i forståinga av det unasjonale var derfor mangelen på moralske kvalitetar som kvalifiserte til borgarskap i nasjonen. Dermed fekk den «umoralske andre» som var diskvalifisert frå medborgarskap i nasjonen – antiborgaren – ein sentral funksjon i ei nasjonal sjølvforståing og i forståinga av kva det ville seie å vere ein god borgar. Ved å kunne identifisere og skilje ut dei unasjonale vart dei attståande inkludert i eit nasjonalt kollektiv. Denne mekanismen vart særleg viktig frå slutten av 1700-talet, då «folket» – meir eller mindre synonymt med «nasjonen» – vart den primære eininga for suverenitet og til dels identitet.

### Folket frå undersått til borgar

Perioden mellom ca. 1750 og 1850 blir sett på som ei sentral overgangstid då det tradisjonelle privilegiesamfunnet vart omforma til det «moderne» samfunnet. Moderniseringa vart ikkje berre karakterisert ved ny teknologi og nye produksjonsmåtar, men også ved kulturelle, sosiale og politiske endringar. Nye forståingar og omgrep oppstod, samtidig som etablerte omgrep fekk nytt meningsinnhald som resultat av endringsprosessane. Den tyske historikaren Reinhardt Koselleck har gitt perioden nemninga *Sattelzeit* (Sadeltida), ein geografisk metafor med referanse til sadelforma overgangsparti mellom ulike terrengformer som skulle symbolisere den paradigmatisk karakteren av endringane og perioden som eit vasskilje (Koselleck 1972, XV). Koselleck sin metafor er relevant i skildringa av ein prosess der fyrstane sine undersåttar vart omforma til borgarar, ein prosess som også fekk stor innverknad for innhaldet i nasjonsomgrepet. Transformasjonen vart først påverka av debattane i opplysningstida og fekk seinare den franske revolusjonen som effektiv katalysator (sjå til dømes Bregnsbo 1997; Damsholt 2000; Engelhardt 2010; Glenthøj 2010; Ihalainen og Sennefelt 2011; Blom 2013; Dørum 2016).

Som undersåttar hadde folket i territorialstatane først og fremst plikter i form av økonomiske bidrag og vern av dynastiske statar (skattlegging og i varierende grad militære tenester). Rettar var i hovudsak knytt til grupper og

korporasjonar, som adelens skattereduksjonar og byborgarane sitt monopol på handel og handverk. Med einevelde som dominerande statsform i Europa var politiske rettar svært avgrensa og dermed i liten grad konstituerande for det å vere undersått. Gjennom kongelova av 1665 var den dansk-norske einevalds-kongen ikkje ansvarleg overfor noko menneske, berre Gud. Som undersått var alle innordna i ein patriarkalsk samfunnsorden med vilkårslaus plikt til å vere lydige oppover i hierarkiet. Undersåttar var først og fremst kategorisert gjennom tilhøyrsløse til ein stand og ein lokal jurisdiksjon, ikkje til ein nasjon i moderne forstand. Det var ein samfunnsorden der egalitet og likeverd ikkje hadde nokon naturleg plass, snarare tvert om.

Slik vart det også forstått av det store fleirtalet av undersåttane. Den danske historikaren Ole Feldbæk har poengtert nettopp dette om tida då eliten i Danmark byrja å diskutere borgaromgrepet og nasjonsomgrepet under seinopp-lysninga. For folk, særleg i landdistrikta, var horisonten lenge framleis avgrensa til landsbyen, soknet, godset og dei nærliggjande byene, forklarte han, og heldt fram: «Talen om, at de var borgere i staten og samfundet, stred mod den standsopfattelse, de levde efter, og ord som Danmark og fædreland sagde dem intet» (Feldbæk 1991, 222).

I løpet av seinopplysninga vart den dynastiske fyrstestaten av Guds nåde, med kongen hierarkisk overordna alle sine undersåttar, utfordra av nasjonens borgarar når det galdt kven som hadde legitim heimel til statens suverenitet. Den franske revolusjonen var sjølvstendig eit viktig omdreiingspunkt her. *Borgar* og *nasjon* kan seiast å ha vorte tvillingomgrep som begge vart uttrykk for tenkte fellesskap, og borgarskap (citizenship) vart ein føresetnad for å vere inkludert i nasjonen (Anderson 1983, Glenthøj 2007, 68). Med krav om overføring av suvereniteten til folket og borgarane vart det også nødvendig å avklare kva som konstituerte medborgarskap i nasjonen.

Denne utviklinga medførte ei nødvendig omdefinering av borgaromgrepet – frå først og fremst å karakterisere byborgarar med visse økonomiske privileger i ein by til å bli forstått som likeverdige borgarar i ein nasjon (sjå også Riedel 1972, 672–725; Kocka 1987, 21–63 og Hettling 2015). Framleis rundt 1800 vart borgaromgrepet brukt både i tydinga av byborgar og borgar i staten i Danmark, ifølgje den danske historikaren Michael Bregnsbo. Men det var særleg den franske revolusjonen og danskane si krigføring mot Storbritannia etter 1800 som bidrog til å fremje først og fremst den siste forståinga (Bregnsbo 1997, 156). «Statens borger», landets borgar eller «borger i staten» var no uttrykk som stadig oftare vart høyrte, forklarte Bregnsbo, og då ikkje i ein samanheng som kople borgaromgrepet til ein by eller til ein sosial kategori, men til eit nasjonalt borgarsamfunn.

Borgaromgrepet fekk dermed i aukande grad eit innhald som peika fram mot statsborgarskap og medborgarskap. Det aktualiserte spørsmålet om kva som skilde ein (stats)borgar frå ein meir tradisjonell undersått. I moderne statsborgarrett er krava normalt eksplisitte og uttrykte i statsborgarlover (Brubaker 1992, 21). Slik fekk Noreg sin første lov om statsborgarrett i 1888. Tidlegare på 1800-talet var ikkje statsborgaromgrepet eintydig, verken i Noreg eller andre land (sjå også Niemi 2003, 12–18 og Myhre 2003, 204–207). Det kom raskt tydeleg til uttrykk i diskusjonar om kva ein norsk borgar var i tida etter 1814, då Grunnlova gjorde folkesuverenitet til eksklusivt grunnlag for statens suverenitet.

### Det norske borgaromgrepet etter 1814

Konstitusjonskomiteen på Eidsvoll foreslo ein positiv definisjon på kva som var ein norsk borgar, men denne fall ut i det vidare arbeidet, og grunnlova mangla difor eksplisitt definisjon. Den første kommentarutgåva til Grunnlova frå 1815 vart forfatta av lektor, seinare jussprofessor Henrik Steenbuch (1774–1839). Han brukte ti sider på å resonnerer seg fram til ei tolking av kva som skulle forståast med formuleringar som «norske Borgere» i Grunnlovas paragraf 92 (Til Embeder i Staten maa allene udnævnes de Norske Borgere...). «Hvad der udfordres, for at kaldes Norsk Borger, findes ingensteds i Grundloven ligefrem bestemt», slo han tidleg fast (Steenbuch 1815, 90). Omgrepet var altså ikkje positivt definert. Det måtte tolkast, og utgangspunktet var omgrepet «undersått», brukt i Grunnlovas paragraf 92. Her var det eit delkrav å vere født av foreldre som ved fødsel var «Statens Undersaatter», og Steenbuch heldt fram:

En Stats Undersaat i egentlig Forstand er ethvert virkeligt Medlem af Staten; hvorved man sædvanlig tænker alle dem, som i Følge Lov eller Sædvane ei allene nyde de almindelige borgerlige Rettigheder, men og har Adkomst til de specielle, saasom Embeder og Værdigheder i Staten. I uegentlig Forstand tages Benævnelsen Undersaat derimot i en saa vidtløftig Bemærkelse, at derunder indbefattes Enhver, som staaer under Statens almindelige Love og følgelig saavel Udlændinge, saalængde de her paa deres Reiser maatte opholde sig, som Statens faste eller egentlige Medlemmer. (Steenbuch 1815, 90–91)

I si sontring mellom «egentlig» og «uegentlig» demonstrerte Steenbuch tolkingrommet, og at i den vidaste tolkinga vil alle som er underlagde statens lover, også tilreisande som openbert ikkje vart oppfatta som borgarar, kunne forståast som undersåttar. Men ved å samanlikne og vurdere dei ulike paragrafane i Grunnlova der omgrepet «norsk borgar» var brukt, konkluderte han at med «Norsk Borger og Norsk Undersaat forstaaes eet og det samme». Særleg i spørsmålet om kven

som kunne ha embete, drøfta han dette grundig. Han nyanserte her igjen mellom undersåttar i «vidløftigste Forstand» og undersåttar forstått som «Statens egentlige Medlemmer», der det siste måtte forståast som synonymt med borgar (Steenbuch 1815, 138). Variasjonen mellom uttrykka «borgar» og «undersått» vart brukt for å variere språket, meinte Steenbuch.

At borgaromgrepet likevel ikkje var så heilt klart for alle, kom fram på Stortinget same året. Eidsvollsmannen Valentin Sibbern (1779–1853) foreslo på Stortinget i 1815 å endre grunnlova slik at borgaromgrepet i praksis vart innskrenka til å gjelde aktive borgarar, det vil seie dei som kunne røyste ved valet (Stortingsforhandlinger 1815–1816, 308). Derfor foreslo han også at det positivt måtte skrivast inn at berre menn hadde røysterett. Forslaget var meint å skulle vere avklarande på korleis borgaromgrepet skulle forståast (Stortingsforhandlinger 1818, 57–60). Same året må kapellan Niels Stockfleth Schultz (1780–1832) ha vore endå meir usikker. Han var medlem av Stortinget allereie frå hausten 1814 og stortingspresident fleire gonger frå 1818 og fram til 1827 (Bratberg 2020). Schultz foreslo at «en Difinition indførtes i Grundloven, som bestemte hvad der egentlig forstaaes ved Benævnelsen Norske Borgere, modsat Benævnelsen Fremmed» (Stortingsforhandlinger 1815–1816, 308).

Komiteen som behandla grunnlovsforslaga, avviste dei begge. Om Sibberns forslag slo komiteen fast at det framleis ville vere innbyggjarar i Norge der nemninga «Norsk borger» absolutt passa, utan at dei var røysteføre. Eksempelvis viste dei til innfødde kjøpmenn og bønder under 25 år, som jo ikkje hadde røysterett sjølv om dei elles oppfylte alle krav. Samtidig peika komiteen på at det berre var det aktive borgaromgrepet som Grunnlova reelt gav ei innhaldsmessig avklaring:

Iøvrigt maa antages, at skjøndt Begrebet «Norsk Borger» i dets meest udvidede Forstand ikke nogensteds i Grundloven er defineret, synes det dog, at Begrebet om en Norsk Borger i mere indskrænket Forstand, nemlig forsaavidt han har nogen Indflydelse paa Statsstyrelsen, eller som det kaldes, er Activborger, ikke er nogen Uvished underkastet, og at det følgelig ikke nødvendig behøves for at gjøre Grundloven bestemt og utvedtydig, at en saadan Difinition tilføies den. (Stortingsforhandlinger 1815–1816, 509)

Komiteen såg heller ikkje nokon trong for å presisere at berre menn hadde røysterett, det gav seg sjølv og opna ikkje for noko mistyding. Tvert om ville ei spesifisering om dette når det galdt røysteretten kunne «lede til den Misforstaaelse, at Quindekjønnet i nogen anden Henseende havde Deel i Rigets Styrelse» (Stortingsforhandlinger 1815–1816, 309–310). Også Steenbuch vurderte grunnlovsforslaga i ein eigen publikasjon og avviste dei begge. Som komiteen viste han til det

problematiske i å avgrense borgaromgrepet til aktive borgarar og konsekvensane det ville ha for kven som kunne utnemnast til embetsmenn. Igjen konkluderte Steenbuch med at borgar og undersått var det same, men presiserte samtidig at norske undersåttar var undersåttar til statens lover, ikkje til monarken:

At Grundloven forstaaer her [§ 50 om røysteretten], som i § 92, ved Norsk Borger det samme som Norsk Undersaat, der er, enhver der staaer under Statens Love, og ikke er Medlem af Nogen anden Stat, kan neppe omtvivles. [...] Jeg skulde derfor og gjerne gaee over til den Mening at en legal Definition af Norsk Borger er uforuden. (Steenbuch 1817, 54)

Seinare definerte han norske borgarar som «ethvert Medlem af den Norske Stat», uavhengig av om vedkomande var innfødd eller ikkje. Det gav to slags klassar av borgarar, nemleg innfødde som også kunne få embete i samsvar med innfødsretten, og framandfødde som ikkje kunne det, men som elles hadde fulle borgarrettar, inkludert røysterett (Steenbuch 1817, 142–151). Det var ei presisering av framandfødde som borgarar utan fulle rettार samanlikna med grunnlovskomentaren hans i 1815.

Då grunnlovsforslaga vart tatt opp til handsaming i 1818, avviste konstitusjonskomiteen begge forslaga. Å avgrense definisjonen av borgarar til dei som kunne røyste, var uråd, ikkje berre fordi det «strider mod Begrebet om en Statsborger i Almindelighed», men også fordi det ville vere i strid med Grunnlovas formulering. Der stod det at «Stemmeberettigede ere kun de Norske Borgere, som have fyldt 25 år [...]» Dette ordet «kun» måtte tolkast som at det fantes norske borgarar som ikkje var røysteføre, konkluderte komiteen (Stortingsforhandlinger 1818, 57). Samtidig var det berre i samband med forståinga av ein aktiv borgar ein slik definisjon var nødvendig, ifølgje komiteen, og denne forståinga var så avklart at ein vidare positiv definisjon av borgaromgrepet, slik Schultz foreslo, var heilt unødvendig.

Debattane viser at borgaromgrepet var uklart. Sjølv om skiljet mellom aktive og passive borgarar var eintydig, om enn elastisk over tid, var skiljet mellom borgarar og ikkje-borgarar ikkje like avklart. Det handla om kven som kunne inkluderast i nasjonen – passivt eller aktivt.

### Den moralske borgaren

Med framveksten av nasjonale fellesskap vart skiljet mellom borgar og ikkje-borgar særleg vurdert ut frå moralske eigenskapar (sjå Ulvund 2017 og Ulvund 2021 for ein grundigare diskusjon om dette). Den amerikanske sosiologen Rogers



Brubaker illustrerte korleis uttrykket «framand» (étranger) og «borgar» (citoyen) vart brukt i ein slik kontekst under den franske revolusjonen. Den revolusjonære journalisten og politikaren Jean-Lambert Tallien (1767–1820) gav til dømes i 1795 uttrykk for at god moral var tilstrekkeleg for å vere kvalifisert til borgarskap i den franske nasjonen: «the only foreigners in France are bad citizens» (Azimi 1988, 702, her etter Brubaker 1992, 48).

På same måte stempla Emmanuel-Joseph Sieyès (1748–1836) i 1789 adelen som moralsk forkvakla og framande for nasjonen i det berømte skriftet «Kva er tredjestanden» (Qu'est-ce que le tiers-état?). Han angreip i sterke ordelag aristokratiet sitt korporative grep om samfunnet generelt og stenderforsamlinga spesielt. Han argumenterte med at tredjestanden ikkje berre representerte folket, men at den utgjorde ein «komplett nasjon». Tredjestanden var derfor synonymt med nasjonen. Aristokratiet, derimot, stod utanfor – eller rettare: utgjorde ein nasjon i nasjonen. Og grunngevinga var særleg forankra i ei forståing, eller ein påstand, om kva produktivitet og nytte eigentleg var (Karp 2008, 136). Tredjestanden utførte alt verkeleg arbeid i samfunnet og stod for alt som var nyttig, medan aristokratiet som stand strålte i si ørkesløyse: «Ei slik gruppe er for visst framand for nasjonen på grunn av sin lediggang» (Sieyès 1789, her etter Lembcke og Weber 2014, 47).

Aristokratiet var framand for nasjonen, både fordi makta deira ikkje var legitimert i folket, og fordi aristokratane hadde private eigeninteresser og ikkje det allmenne vel som mål. Dei var slik ein byrde, ein parasittisk organisme som tæra på nasjonen. Ein nasjon, forklarte Sieyès, var ei samanslutning av menneske under éi lov og representert av den same lovgivande forsamlinga. Aristokratiet, med sine sivile og politiske privilegium, skilde seg ut frå folket og nasjonen. Derfor, heldt Sieyès fram, gjorde det aristokratiet til eit særskilt folk i nasjonen – ein stat i staten (Sieyès 1789, her etter Lembcke og Weber 2014, 143). Sieyès' framstilling av aristokratiet hadde to naturlege utfall. Anten måtte dei sørge for si eiga atterføring (regeneration) som nyttige borgarar eller så måtte dei støytast ut av samfunnet. Valet stod mellom assimilering og eksklusjon.

I Tyskland hadde Sieyès en merksam lesar i Johan Gottlieb Fichte (1762–1814). I sitt forsvarsskrift for den franske revolusjonen frå 1793, *Beitrag zur Berichtigung der Urtheile des Publikums über die französische Revolution*, framstilte han adelsstanden som ein despotisk korporasjon som representerte ein fare for det allmenne vel. Den var ein stand som heldt ved like og forsvarte særreigne interesser og ein særreigen moral, og den var derfor «ein farleg stat i staten» (Fichte 1793, 195). Han nemnde også kyrkja, lauga og militæret som konkrete døme på slike statar i staten: «Alle desse er statar i staten, som ikkje berre har åtskilte interesser, men interesser som står i direkte strid med interessene til alle andre borgarar» (Fichte 1793, 196).

Det heile var eit breidt angrep på *L'Ancien Régimes* strukturar, og på same måte som Sieyès langa han kraftfullt ut mot aristokratiet som representantar for eit grådig og fråtsande regime styrt av eigeninteresse. Dette var i samsvar med Rousseaus påstandar nokre tiår tidlegare om at individ som ikkje følte ein varm kjærleik for lov og rettferd, og ikkje var i stand til å ofre sine liv for plikta om nødvendig, var samfunnsudugelege og burde støytast ut av staten som dårlege borgarar (Rousseau 1958 [1762], 169). For alle desse var nasjonen (samfunnsfellesskapet) først og fremst ein normativ kategori, og moralske kriterium var heilt sentralt i forståinga av kven som var inkludert i den.

I ein dansk-norsk kontekst har Tine Damsholt og Juliane Engelhardt begge på gode måtar fanga viktige element i transformasjonen av borgaromgrepet – og betydinga av moralske kvalitetar hjå borgaren som då kom inn. Damsholt drøftar korleis danske militære reformar på slutten av 1700-talet (innføring av verneplikt for bondestanden i samband med oppheving av stavnsbandet i 1788) var ein del av ein patriotisk diskurs der borgaren vart ansvarleggjort. Ein føresetnad for frigjeringa av dei danske bøndene frå stavnsbandet var ei forventning om at dei brukte fridomen på ein bestemt måte, nemleg til å oppfylle sine skyldnader for heilskapen: det allmenne vel (Damsholt 2000, 347). Borgaren sin «etiske imperativ» handla om å setje til side eigeninteresser til fordel for heilskapen, noko som i ytterste forstand handla om viljen til å ofre livet for fedrelandet, slik Rousseau vektla (Damsholt 2000, 82). Borgardyden – forstått som borgaren sine handlingar og sjølvmedvit – fekk avgjerande betyding for «allmennvellet», og oppsedinga av borgarane til denne dyden fekk stor merksemd (Damsholt 2000, 102; sjå og kapittelet til Tine Damsholt i denne boka).

Engelhardt følgde opp dette i si undersøking av virket til patriotiske selskap i den dansk-norsk-tyske heilstaten i perioden 1769–1814. Også ho viser til at borgaromgrepet skifta innhald i denne perioden (Engelhardt 2006 og Engelhardt 2010). Det gjekk frå å vere forstått som byborgarar til ei nemning på eit borgarsamfunn definert av meir uformelle indikatorar – som danning, utdanning og anstendig oppførsel. Borgarskap vart dermed eit fellesskap basert på visse felles verdier. Ifølgje Engelhardt førte dette til at grensene mellom borgarar og ikkje-borgarar både vart meir usynlege og meir flytande (Engelhardt 2006, 40).

I desse selskapa identifiserte Engelhardt tre komponentar i forståinga av patriotisme: økonomisk liberalisme, betydinga av danning og vektlegging av ein borgarrettsleg tankegang. Det siste handla mellom anna om ein likskaps-tanke der alle medlemmer i staten skulle handsamast som borgarar, med krav på borgarlege rettar. Men dette var ikkje berre eit krav til staten. Medborgarskap handla også om korleis ein vart ein god borgar og ein god patriot. Her stod

engasjement for samfunnets framgang og velferd sentralt, altså eit krav om å gagne heilskapen og fedrelandet (Engelhardt 2006, 48). Det siste vart ifølgje Engelhardt enno først og fremst forstått som staten, ikkje dei enkelte nasjonane innan heilstaten. Staten var fedrelandet, og patriotismen var først og fremst knytt til staten og statens monark. Dette borgaridealet la vekt på at ein skulle vere produktiv og sette fellesskapet sine interesser framfor eigeninteresse. Engelhardt forstår dette som ein kritikk både oppover og nedover i det sosiale hierarkiet: nedover mot allmugen sin påståtte dovenskap og ignoranse, oppover mot adelens luksus og lediggang.

Analysane til Engelhardt og Damsholt gir innsikt i korleis borgaromgrepet var i endring under seinopplysninga, og korleis omgrepet fekk eit normativt innhald. Dette fekk betydning når skiljet mellom borgarar og ikkje-borgarar skulle trekkast opp, og gjennom det kven som skulle inkluderas i nasjonen, og kven som burde ekskluderas.

I diskusjonen om kva som skilde ein undersått frå ein borgar, vart det kvalitative aspektet også tematisert i ein norsk kontekst. For Henrik Steenbuch var borgar og undersått det same, med den viktige nyansen at som borgar etter 1814 var ein Grunnlovas undersått, ikkje fyrstens. Ein var underdanig lova og plikta å vere lojal mot den. At omgrepet «undersått» likevel for mange gav assosiasjonar om forelda underordning og einevelde, kom utover på 1820- og 1830-talet tydeleg til uttrykk i avisa *Trondhjems Borgerlige Realskoles allene privilegerede Adressecontours-Efterretninger* (avkorta *Trondhjems Adresseavis*). Avisane meinte at ordet «undersått» vart brukt feil. Fordi Grunnlova hadde gitt oss, som ein konstitusjonell nasjon, nemninga av norske borgarar, burde ikkje nordmenn lenger kalle seg undersåttar. «Det er ingenlunde uvigigt for Os», heldt avisa fram, «hvilken Titel vi bære, især i offentlige Forhandlinger; thi med Benævnelsen assimilerer sig gjerne en Idee, der svarer til dens Indhold» (*Trondhjems Adresseavis*, 17.10.1823, No. 83). «Undersåttar» var riktig uttrykk så lenge me stod under eineveldets herredøme, men det gav no assosiasjonar som ikkje kunne foreinast med det å vere ein god borgar:

Med Navnet Norske Borgere, Statens Borgere forener sig Begrebet om den constitutionelle Betydenhed, den Værdig- og Anseelse, som tilkommer Os og som der er vor Pligt at forsvare. Vi er ikke nogen Mands Undersaatter, og finde med Velbehag, at Norges elskede constitutionelle Konge agter Os, som iblandt andet kan erfares af Rigstidenden No. 31 for dette Aar, hvor Høistsamme i Sit skjønne Svar paa den Norske Statsraads Adresse, nævner **den Norske Nation, det Norske Folk** (*Trondhjems Adresseavis*, 17.10.1823, No 83)

Poenget vart gjentatt i same avis i 1824 og 1825 (*Trondhjems Adresseavis*, 5.12.1823, No 97; 17.8.1824, No 66; 20.9.1825, No 75.). I denne samanhengen er det koplinga mellom ein tilsynelatande formalisert borgardefinisjon og ei normativ tyding som er av interesse. Det norske folk og den norske nasjonen framstår som ein moralsk kategori. Å vere borgar vart assosiert med verdigheit og vørndnad, og eit moralsk vilkår var forsvarplikten, slik Damsholt også påviste.

I 1831 gav Trondheimsavisa igjen plass til ein innsendar som reagerte på feilaktig bruk av borgaromgrepet:

Dette Borgernavn, som selv i den fjerneste Oldtid var betydningsfuldt og hædrende i de constitutionelle Stater, ophævede Enevoldens Standsforskjel og gjorde Alle lige for Lovene og i Rettigheder, og som et helligt Baand omslyngede de enkelte Medlemmer af Statssamfundet. (*Trondhjems Adresseavis*, 14.1.1831, No. 4)



FIG. 1.1 «Repulsed but not discouraged». Satirical print of a Jew trying to enter Parliament from 1830 when Jewish suffrage was discussed and rejected. «Pray let me in! I am sure I shall / Behave myself, as well as some, / whom you have admitted». Jødar vart i fleire statar til dels ekskluderte, til dels nekta statsborgarlege rettar, til langt opp på 1800-talet. I Storbritannia vart dei først valbare til det britiske parlamentet i 1858. Den vanlege grunngevinga for slik diskriminering bygde på påstandar om at dei moralsk sett var diskvalifiserte som borgarar i ein kristen stat.

Enkelte byfolk hadde ei forståing som bygde på den gamle borgarforståinga, at det var avgrensa til byborgarar og ikkje til bønder, forklarte innsendaren. Bøndene var, i desse «Smaaherrers Øine», ubetydelege vesen, mens alle med borgarskap i byen vart sett på som borgarar, sjølv dei som dreiv med den «simpleste Haandtering», og det galdt «især hvis hans lille Madame viser sig paa Gaden i Hat, Shawl og øvrige Dame-Requisita». Å vere borgar handla slik om kvalitativ substans, som kravde moralsk høgverdige eigenskapar, ikkje ferniss og overflatisk snobberi. Fig. 1.1

### Dei unasjonale: «Jøden» og det moralske medborgarskapet

Fram til byrjinga av 1800-talet vart jødar typisk nok ofte omtalt som tilhøyrande «den Jødiske Nation». Dei var derfor i utgangspunktet definert ut av nasjonen (sjå også Ulvund 2017 og Ulvund 2021). Tyskaren Christian von Dohm (1751–1820) sitt skrift *Ueber die bürgerliche Verbesserung der Juden* frå 1781 innleia ein debatt om deira plass i samfunnet. Han foreslo ei frigjering (emansipasjon) av jødane. Dohm meinte at om jødar vart frigjorde frå tvang og avgrensingar, ville dei bli meir nøgde og meir nyttige for staten (Dohm 1781). Han framstilte rett nok jødar som moralsk underlegne kristne, men gjennom undervisning og opplæring skulle jødar «forbetrast» og bli omforma til velfungerande samfunnsmedlemmar. Jødane hadde slik eit moralsk potensial som kunne kvalifisere dei som borgarar. Det var ikkje tilfeldig at jødane si rolle som eventuelle borgarar vart diskutert frå 1780-talet av, tida då ei rekke statar oppmjuka eller oppheva særlover og restriksjonar som var spesielt retta mot jødar. Emansipasjonsprosessen og Dohm sitt skrift utløyste mange pamflettar og publikasjonar om spørsmålet i fleire land over fleire tiår. Dei fleste argumenterte mot at jødar nokon gong kunne bli gode borgarar.

I si bok om den franske revolusjonen brukte Fichte tre av trehundre sider til ein omtale av jødar. Han klistra dei til aristokratiet, og begge gruppene vart representantar for uproduktive og parasittiske «statar i staten». For Fichte var jødane først og fremst eit døme på ein stat i staten, karakterisert ved internaliserte normer og ein egoistisk tenkemåte som var til skade for det felles beste (Karp 2008, 154). Slik vart det jødiske dømet henta fram som symbol på degenerasjon og for å gi retorisk kraft til førestillingar om tilsvarende unyttige og korporative posisjonar blant aristokratiet og trongen for atterfødning hos det. Han var ikkje den første til å stemple jødar på denne måten, men desse få sidene bidrog til at uttrykket «stat i staten» særleg vart assosiert med jødar. Den jødiske moralen, slik Fichte framstilte den, bygde på eigeninteresse og fekk som konse-

kvens at jødar vart unyttige borgarar åtskilte frå samfunnet elles. Men jødane skilde seg også frå andre av tidas statar i staten, ifølgje Fichte. Dei var spreidde rundt i Europa og utgjorde ein mektig og fiendtlegsinna «Staat» – forstått som ein kosmopolitisk korporasjon – som stod i ein uavbroten krig med alle andre, og som derfor medførte stor skade for andre borgarar (Fichte 1793, 188–190).

Påstandane om at jødar var farlege og moralsk diskvalifiserte som borgarar, og dermed også utelukka frå dei framveksande nasjonane, var mange, og i fleire land braut det ut såkalla litterære jødefeidar. Sjølv om også røyster som var positive til å inkludere jødar, vart høyrde, var diskursen prega av antijødiske førestillingar som vektla politisk og moralsk fare ved jødar.

Kort før grunnlovsforsamlinga på Eidsvoll stengde ute jødane, løfta Konrad Schmidt-Phiseldek (1770–1832) fram spørsmålet om jødar kunne tolast som gjester, innbyggjarar eller borgarar i ein kristen stat. Schmidt-Phiseldek var tyskfødt jurist og frå 1813 direktør i den danske Riksbanken. Han meinte at spørsmålet måtte svarast på ved å ta stilling til kva rettar medlemmar av ein framand nasjon kunne gis, «skjøndt de ej ville henregnes til og blandes med det Folk, hvis Totalitet i sin Forbindelse ved fælles Love udgjør Borgersamfundet eller Staten» (Schmidt-Phiseldek 1809–10[1811], 4–5). Ein rettruande jøde hadde ikkje nokon heim «uden i hiint Forjættelsernes Land» og kjende ingen andre fedreland enn dette. Derfor såg jødar heller ikkje på nokon andre som landsmenn «uden dem, der lig ham ere Abrahams Afkom. Disse ere hans Brødre, og den eneste Slægt han kjendes ved [...]» (Schmidt-Phiseldek 1809–10[1811], 6).

Dette utgangspunktet fekk sjølvstekt konsekvensar for korleis han vurderte borgarrettar for jødar. Rett nok meinte han at jødar kunne tolast som *gjester*, det vil seie at dei under visse vilkår kunne besøke Danmark. Men fordi dei ikkje var borgarar, kunne dei ikkje krevje å bli handsama etter staten sine alminnelege lover – «thi Loven er sat for Borgerne» (Schmidt-Phiseldek 1809–10[1811], 9). Status som *innbyggjar* gav rett til å busetje seg. Det gav opphaldsrett, og for så vidt løyve til å drive med økonomisk verksemd, men altså ikkje borgarrett og dermed heller ikkje status som medlem av staten. Også som innbyggjar slo Schmidt-Phiseldek fast at jødar kunne tolast. Men det var eitt sentralt vilkår: Busette jødar måtte slutte å vere «Talmudister» og slutte å vedkjenne seg til dei «Lærdomme, Traditioner og Vedtægter» som var heimla i rabbinske forskrifter (Schmidt-Phiseldek 1809–10[1811], 32). Jødedommen måtte reinsast for alt som vart oppfatta som rabbinarskapt overtru, og som skapte avstand til innbyggjarane i landet elles. Men som borgar var jøden ueigna for Schmidt-Phiseldek, og det var først og fremst på grunn av sin standhaftige jødiske identitet og at jødar heldt fast på tanken om å vere ein eigen nasjon. Det gjorde det vanskeleg å ha



tillit til dei. Derfor kunne jødar heller ikkje få tilgang til borgarrettar, embete eller til utøving av militærteneste (Schmidt-Phiseldek 1809–10[1811], 42). Moralske kvalitetar gjorde «jøden» diskvalifisert frå staten og nasjonen.

Dette var synsmåtar som prega forsamlinga på Eidsvoll i 1814 der Grunnlova fekk sine eksklusjonsfråsegner, inkludert den famøse «jødeparagrafen» som gjorde det forbode for jødar å sette foten på norsk jord. Det norske forbodet mot jødar, som først vart oppheva i 1851, gav Noreg ry for ein særleg ekskluderande politikk, men førestillingane den reflekterte, var dominerande i store delar av Europa til langt utpå 1800-talet. Eit døme er Sverige der påstandar om at den mosaiske trua var unasjonalt, egoistisk og fiendtleg mot andre folk, stadig vart fremja, og slagord som «alltid Jude, aldrig svensk» vart høyrte i Riksdagen til utpå 1840-talet (Sveriges Riksdag 1840, 514; jf. kapitlet til Anna Bohlin i denne boka). Berre kongeleg veto hindra Riksdagen i å vedta stadig strengare restriksjonar for jødar fram til det same tiåret. Også i Danmark oppfatta leiande aktørar jødar som framande for nasjonen og derfor diskvalifiserte til medborgarskap, inkludert då landet fekk grunnlov i 1849 (Ulvund 2021, 105–108).

### Avslutning: Antiborgarskap som nasjonsbygging

Den amerikanske historikaren Gary Kates har argumentert for at debatten om jødisk frigjering under den franske revolusjonen først og fremst var ein debatt om kva det ville seie å vere fransk, og mindre om jødar. Gjennom å diskutere kva rettार jødar kunne ha, vart ein fransk nasjonal identitet meisla ut (Kates 1989, 223; 231). Med utgangspunkt i Kates har hans landsmann Ronald Schechter på liknande måte argumentert for at «Jøden» i Frankrike vart eit diskursivt grep for å definere borgeromgrepet i tida før og under revolusjonen. Han hevda at den franske samtida ikkje først og fremst forstod borgaromgrepet som eit spørsmål om individuelle rettार, men snarare om moralske kvalitetar. Og her vart «Jøden» konstruert som ein *antiborgar* (anti-citizen), ein slags definisjon på kva ein god borgar *ikkje* var. Gjennom si rolle som antiborgarar bidrog dei til eit skarpare skilje mellom «vi» og «dei andre» i og utanfor eit nasjonalt fellesskap. Når ein definerte *jøden*, vart borgaren forstått som ein person som verdsette og praktiserte ueigennytte framfor egoisme, som viste mot og tapperheit framfor feigskap, og som stod for produktiv nytte framfor virkeslaus dovenskap og ærleg openheit framfor løyndom (Schechter 2003, 101). Sjølv om jødar var ei marginal gruppe i det franske samfunnet, handla den store interessa for dei om alt anna enn eit marginalt tema. Dermed handla heller ikkje diskusjonen om jødar så mykje om deira eventuelle borgarrettar som om borgaromgrepet generelt, slik Schechter ser det.

Jødar var frå slutten av 1700-talet på mange måtar det arketypiske dømet på antiborgarskap, men det var fleire framande religiøse grupper i Skandinavia som fekk rolla i tida etter (sjå Ulvund 2017). Frå midten av 1800-talet galdt det særleg mormonar. I mellomkrigstida var førestillinga om jesuittar som antiborgarar svært levande i Sverige og Noreg. Alle vart dei framstilte i samsvar med ei grunnfortelling om religiøse minoritetar som samfunnsfiendar (Ulvund 2017 og Ulvund 2021). Som antiborgarar – motsatsar til gode borgarar – spelte slike politisk og religiøst utstøytte grupper ei viktig rolle i nasjonsbygginga. I Noreg ekskluderte Grunnlova jesuittar mellom 1814 og 1956 (og munkeordenar fram til 1897). Både då føresegna vart vedtatt i 1814, og då eit fleirtal på Stortinget vedtok å halde fast på det i 1925, var ei sentral grunngeving at jesuittane, og for mange katolikkane i det heile, var moralsk diskvalifiserte frå det nasjonale fellesskapet.

Jødar, mormonar og jesuittar vart alle framstilte som unasjonale antiborgarar på grunn av dei politiske og moralske eigenskapane dei vart representerte med. Dei vart alle oppfatta å ha et fiendskap til alle andre enn sine egne, samt å drive med politisk undergraving, separatisme og forræderi i eit forsøk på å skape despotiske teokrati, gjerne på fordekte og løgnaktige måtar. Dette handla også om manglande patriotisme og fråverande «fedrelandskjærighet». Fordi desse religiøse gruppene blei påstått å mangle dette, vart dei framstilte som å vere utan interesse for samfunnets og nasjonalstatens beste. Dei sette eigeninteresse framfor fellesskapets interesser, eller «det Heles Vel», som var eit fyndord fram til første del av 1800-talet.

Ein anonym skribent forsvarte i 1816 den norske eksklusjonen av jødar i tidskriftet *Mimer* ved nettopp å vektlegge påstandar om at moralske kvalitetar ved jødar gjorde dei ute av stand til å nærme patriotiske kjensler for fedrelandet:

Norge bør beboes af norske Borgere, af Mænd som ere eller kunne blive Normænd, der ansee Norge for deres Fædreneland. Aldrig bliver Jøder Normænd saalænge de ere ægte Jøder. Ikke engang deres Børn, om de fødtes i Norge, blive det. En Jøde, som ikke har apostaseret, kalder sig ikke Tydsker, Franskmand, Engelskmand, Hollænder, Dansk etc, men underskriver sig: *af den jødiske Nation*. Han regner sig til en anden Nation i Nationen. Hans Fødeland er et, men hans Fædreneland er et andet, nemlig Kanaan. I sit Fødeland er han en Fremmed, hist er hans Hjem, didhen stunder han. Endnu venter han med Længsel en Messias som skal erobre først Kanaan, siden al Verden, og indsætte hans Nation igjen i dens formeente Rettigheder til hele Kloden. (*Mimer* 1816, 1ste Hæfte No 39-42, 157)

Derfor, skreiv forfattaren, meinte jødar at dei hadde rett til «at eie os og alt hvad os tilhører», og at det å «bedrage os» var ei gudegitt plikt. Skribenten gav slik uttrykk for at det nasjonale ikkje først og fremst var eit etnisk spørsmål, men eit



spørsmål om å slutte opp om nasjonen. Patriotiske jødar var ifølgje innsendaren ei sjølvmotseiing. Ettersom dei ikkje såg på fødelandet som fedreland, sette dei også eigeninteresse framfor nasjonens interesser. Det var diskvalifiserande.

Konstruksjonen av «Jøden» og andre antiborgarar, og den sentrale rolla moralske kvalitetar spelte her, illustrerer på ein god måte betydninga av grense-draginga som Fredrik Barth omtalte. Kontrasten som slike vrengebilete skapte, definerte kvalitetar ved nasjonen og gav den mening for nasjonens medlemmar. Slike forståingar av nasjonen kunne manifestere seg gjennom eksklusjon, som delkrav ved tildeling av statsborgarskap, og som motivasjon for føresegner som avgrensa borgarlege rettar for visse grupper. Meir vanleg var og er likevel at slike nasjonsforståingar bidrar til ein uformell eksklusjon og til konstituering av eit nasjonalt utanforskap som ikkje nødvendigvis er heimla i lovgiving. Det moralske medborgarskapet blir eit tilleggskrav til det juridiske statsborgarskapet.

For å kome tilbake til Walter Bagehot sin innleiande observasjon; grense-draging basert på moralske kvalitetar – særleg ved påstandar om diskvalifiserande moralske kvalitetar hjå «unasjonale» grupper – har vore viktige for at me underforstått har ei forståing av kva den gåtefulle nasjonen er, utan å måtte definere den positivt.

## LITTERATUR

Anderson, Benedict. 1983. *Imagined communities. Reflections on the origin and spread of nationalism*. London: Verso.

Armstrong, John. 1982. *Nations Before Nationalism*. Chapel Hill: University of North Carolina Press.

Azimi, Vida. 1988. «L'étranger sous la Révolution». I *La Révolution et l'ordre juridique privé: Rationalité ou scandale?* Paris: Presses Universitaires de France.

Bagehot, Walter. 1872. *Physics and politics*. Faksimile i Barrington, Russel (red.). 1915. *The Works and life of Walter Bagehot*, vol. VIII, Longmans, Green, and Co, New York.

Barth, Fredrik. 1969. «Introduction». I *Ethnic Groups and Boundaries. The Social Organization of Culture Difference*, redigert av Fredrik Barth. Bergen-Oslo: Universitetsforlaget.

Blom, Ida. 2013. «Hva er en borger? Nasjon, borger-skap og mobilisering i Norden». *Historisk Tidsskrift*, bind 92.

Bratberg, Terje. 2020. *Niels Schultz i Norsk biografisk leksikon* på snl.no. Henta 14. desember 2020 frå [https://nbl.snl.no/Niels\\_Schultz](https://nbl.snl.no/Niels_Schultz).

Bregnsbo, Michael. 1997. *Samfundsorden og statsmagt set fra prædikestolen. Danske præsters deltagelse i den offentlige opinionsdannelse vedrørende samfundsordenen og statsmagten 1750-1848, belyst ved trykte prædikener. En politisk-idéhistorisk undersøgelse*. Bind 15 i *Danish humanist texts and studies*. København: Museum Tusulanums Forlag.

Brubaker, Rogers. 1992. *Citizenship and Nationhood in France and Germany*. Harvard University Press.

Damsholt, Tine. 2000. *Fædrelandskærlighed og borgerdy. Patriotisme, nationalisme, kulturhistorie, etnologi, militærhistorie, diskursanalyse*. København: Museum Tusulanum.

Dohm, Christian Wilhelm. 1781. *Ueber die bürgerliche Verbesserung der Juden*. Berlin und Stettin: Friedrich Nicolai.

Dørum, Knut 2016. *Frå undersått til medborgar: Styreform og politisk kultur i Noreg 1660 til 1884*. Oslo: Samlaget

Engelhardt, Juliane. 2006. «Borgerskab og fælleskab. De patriotiske selskaber i den danske helstat 1769–1814». (Dansk) *Historisk Tidsskrift* 106 (1).

Engelhardt, Juliane. 2010. *Borgerskab og fællesskab. De patriotiske selskaber i den danske helstat 1769–1814*. København: Museum Tusulanums forlag.

Feldbæk, Ole. 1991. «Fædreland og Infødsret. 1700-tallets danske identitet». I *Dansk identitets-historie. 1 Fædreland og modersmål 1536–1789*, redigert av Ole Feldbæk. København: C.A. Reitzels Forlag.

Fichte, Johann Gottlieb. 1793. *Beitrag zur Berichtigung der Urtheile des Publikums über die französische Revolution. Erster Theil*.

Glenthøj, Rasmus. 2007. *På fædrelandets alter. National identitet og patriotisme hos det danske borgerskab 1807–1814*. København: Museum Tusulanums forlag.

Glenthøj, Rasmus. 2010. «Fælles kultur – forskellige nationaliteter. De borgerlige elitors skabelse af en national identitet i Danmark og Norge 1807–1830». Avhandling for ph.d., Syddansk universitet.

Hall, Stuart. 1997. «The Spectacle of the 'Other'». I *Representation. Cultural Representations and Signifying Practices*, redigert av Stuart Hall. London-Thousand Oaks-New Delhi: Sage Publication.

Hettling, Manfred. 2015. «Bürger/Bürgerlichkeit». I *Handbuch Europäische Aufklärung*, redigert av H. Thoma. Stuttgart: J.B. Metzler. doi.org/10.1007/978-3-476-05410-4\_10.

Ihalainen, Pati og Karin Sennfeldt. 2011. «General Introduction». I *Scandinavia in the Age of Revolution: Nordic Political Cultures, 1740–1820*, redigert av Pate Ihalainen, Michael Bregnsbo, Karin Sennfeldt og Patrik Winton. Farnham: Ashgate Publishing.

Karp, Jonathan. 2008. *The Politics of Jewish Commerce. Economic Thought and Emancipation in Europe, 1638–1848*. Cambridge University Press

Kates, Gary. 1989. «Jews into Frenchmen: Nationality and Representation in Revolutionary France». *Social Research* 56 (1).

Kocka, Jürgen. 1987. «Bürgertum und Bürgerlichkeit als Probleme der deutschen Geschichte vom späten 18. zum frühen 20. Jahrhundert». I *Bürger und Bürgerlichkeit im 19. Jahrhundert*, redigert av Jürgen Kocka. Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht.

Koselleck, Reinhart. 1972. «Einleitung». I *Geschichtliche Grundbegriffe*, redigert av Otto Brunner, Werner Conze, og Reinhart Koselleck. Band 1. Stuttgart: Ernst Klett: XV.

Lembcke, Oliver W. og Florian Weber. 2014. *Emmanuel Joseph Sieyès: The Essential Political Writings*. Leiden: Brill.

Lorenz, Chris. 2008. «Representations of Identity: Ethnicity, Race, Class, Gender and Religion. An Introduction to Conceptual History». I *The Contested Nation. Ethnicity, Class, Religion and Gender in National Histories*, redigert av Stefan Berger og Chris Lorenz. Basingstoke: Palgrave MacMillan.

*Mimer: et periodisk Blad af blandet Indhold*. (1816). Christiansand: J. Johansen.

Myhre, Jan Eivind. 2003. «Del II. 1860–1901». I *Norsk innvandringshistorie*. Bind 2 av *Nasjonalstatens tid 1814–1940*, redigert av E. Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli. Oslo: Pax Forlag.

Niemi, Einar. 2003. «Del I. 1814–1860». I *Norsk innvandringshistorie*. Bind 2 av *Nasjonalstatens tid 1814–1940*, redigert av Einar Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli. Oslo: Pax Forlag.

Riedel, Manfred. 1972. «Bürger, Staatsbürger, Bürgertum». I *Geschichtliche Grundbegriffe*, redigert av Otto Brunner, Werner Conze, og Reinhart Koselleck. Band 1. Stuttgart: Ernst Klett

Rousseau, Jean-Jacques. [1762] 1958. *Om samfunns-pakten, eller Statsrettens grunnsetninger*. Oslo: Dreyer forlag.

Schechter, Ronald. 2003. *Obstinate Hebrews: Representations of Jews in France, 1715–1815*. Berkeley, US: University of California Press.

Schenckel, Willem. 2010. «The Virtualization of Citizenship». *Critical Sociology* 36 (2).

Schmidt-Phiseldk, Konrad. 1809–10[1811]. *Om Jøderne, betragtede som Gæster, Indbyggere, og Borgere i Christne Stater*. I *Det Kongelige Videnskabers Selskabs Skrifter*. København.

Steenbuch, Henrik. 1815. *Bemærkninger over Norges Grundlov af 4de November 1814*. Trondhjem.

Steenbuch, Henrik. 1817. *Anmærkninger ved Constitutionsforslagene af 1815 og 1816. Et Bidrag til Grundlovens Fortolkning*. Christiania.

Stortingsforhandlinger. 1815–1816. Band 1. Nr.11–12. 7de Commitees Bemærkninger over Grundlovsforslag.

Stortingsforhandlinger. 1818. Band 2. Nr. 5. Constitutions Committenens Bemærkninger over Grundlovsforslag.

Sveriges Riksdag. 1840. *Protocoll, hållna hos välloflige Borgare-Ståndet vid Lagtima Riksdagen i Stockholm, År 1840*. Førsta bandet. Stockholm: Bredberg.

Ulvund, Frode. 2017. *Nasjonens antiborgere. Forestillinger om religiøse minoriteter som samfunnsfiender i Norge ca. 1814–1964*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Ulvund, Frode. 2021. *Religious Otherness and National Identity. The Construction of Jews, Mormons, and Jesuits as Anti-Citizens and Enemies of Society*. Berlin, Boston: De Gruyter.

Wilse, Jacob N. 1797. *Den Nationale Døsigheid og Uvirksomhed*. Christiania: Jens Ørbek Berg.